



RYFYLKE IKS

Møtebok til møte 4 i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Tysdag 03. desember 2024, kl. 16:00 – 18.00

Stad: Teams-møte

Deltakarar:	Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune Johanne Klungtveit Næsje, rep. Suldal kommune Arin Eiriksønn, rep. Suldal Joel Nag, rep. Strand kommune Anne Bratthammer, rep. Strand Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland
Forfall:	Eivind Hustveit, rep. Sauda
I tillegg møte desse:	Nina Fjellskaalnes, Ryfylke IKS Einar Schibevaag, Ryfylke IKS

RYFYLKE

Ein attraktiv region der
folk vil bu og arbeide



Saksliste

Sak 24/24	Godkjenning av innkalling og saksliste	3
Sak 25/24	Godkjenning av møtebok for styremøte 3	3
Sak 26/24	Tildeling av midlar frå Sparebankstiftelsen SR-Bank	3
Sak 27/24	Endringar i handlingsplanen	3
Sak 28/24	Søknad til Ryfylkefondet	3
Sak 29/24	Erfaring frå «Folka»	3
Sak 30/24	Oppdatering Ryrekrudd 2025	4
Sak 31/24	Regional Pride-fest	5
Sak 32/24	Erfaringar frå Arena Ryfylke	5
Sak 33/24	Status på stillingutlysing	5
Sak 34/24	Møteplan for 2025	5
Sak 35/24	Status karrieredagen og Job Fair	6
Sak 36/24	Vidare arbeid med Instagramkonto	7
Sak 37/24	Ungdomsstyret har fått e-post-adresse	7
Sak 38/24	Eventuelt	7

Sak 24/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

▲ Vedtak:

1. Styret godkjenner innkalling og saksliste.
2. Ryfylke IKS skal sende påminning om møte i forkant av møta framover.

Sak 25/24 Godkjenning av møtebok for styremøte 3

▲ Vedtak:

1. Styret godkjenner møtebok.
2. Ryfylke IKS skal legge med referat frå møte i innkalling framover.

Sak 26/24 Tildeling av midlar frå Sparebankstiftelsen SR-Bank

Viser til saksframlegg.

▲ Vedtak

Saka er tatt til orientering.

Sak 27/24 Endringar i handlingsplanen

Viser til saksframlegg.

▲ Vedtak

Saka er tatt til orientering.

Sak 28/24 Søknad til Ryfylkefondet

Viser til saksframlegg.

▲ Vedtak

Saka er tatt til orientering.

Sak 29/24 Erfaring frå «Folka»

Viser til saksframlegg. Peder Krokedal og Einar Schibevaag orienterte ytterlegare.

I Sunnfjord var det spesielt fokus på to saker:

1. Høyre meir om trainee-programmet dei driv der
2. Korleis jobbe strategisk med å eksponere dei unge for det arbeidslivet har å by på?

Det er eit aukande problem at unge ikkje deltar i arbeidslivet. Det må leggest til rette for at dei kjem seg ut og blir ein del av samfunnet. Kan erfaringane frå Folka vera til inspirasjon til små prosjekt ungdomsstyret kan ta tak i framtida?

Innspel:

1. Ungdommens stemmer bør komme meir fram. Kva er det dei kan jobba med? Ungdommar sjølv kan komme med innspel til jobbar dei kan gjera i bedrifter i Ryfylke.
2. Jobbe meir mot skulane og rådgivingstenesta. Kan ungdomsstyret engasjere seg i å gjera rådgivarane betre rusta til å informere dei unge om arbeidslivet i regionen? Rådgivarane har for lite kunnskap om lokalt og regionalt arbeidsliv. Korleis kan me auke kunnskapen deira? Me må tenkje nytt og annleis enn tidlegare generasjonar.
3. Kan ungdomsstyret delta på ei rådgivarsamling og halde eit innlegg? Ryfylke IKS har samling for rådgivarane to gonger i året og jobbar med dette. Ungdomsstyret kan komme inn og halde eit innlegg om kva me meiner og me syns om arbeidslivet. Neste samling er våren 2025. Tilbakemelding frå tidlegare samlingar er at rådgivarane er positive til å få innspel til nye metodar til opplegget.
4. Kan ungdomsstyret for eksempel lage eit opplegg som rådgivarane kan ta med til skulane og bruke det i undervisning?

▲ Vedtak

1. Det blir lagt fram ei ny sak til neste møte med utgangspunkt i innspela som kom inn.

Sak 30/24 Oppdatering Ryrekrutt 2025

Viser til saksframlegg.

Bedrifter og skular som er kontakta er førebels positive til å stille. Det må jobbast meir med å finne ei god løysing på dette med gebyr eller depositum for overnatting, for å sikre at folk som registrerer seg, faktisk kjem.

▲ Vedtak

1. Ungdomsstyret godkjenner oppdatert program for Ryrekrutt 2025.
2. Ungdomsstyret kjem med innspel til korleis Ryrekrutt kan marknadsførast mot målgruppa:

- a. Instagram, Snapchat annonsering
- b. Annonsering mobil i aviser
- c. Lokalaviser – invitere lokalaviser til å skrive sak
- d. Lage reklamevideoar på neste styremøte (invitere med aktørar)
- e. Besøke skulane og informere for vg3.
- f. Radio innslag
- g. Facebook arrangement

Sak 31/24 Regional Pride-fest

Viser til saksframlegg.

▲ Vedtak

Saka blir utsett til våren 2025.

Sak 32/24 Erfaringar frå Arena Ryfylke

Viser til saksframlegg.

▲ Framlegg til vedtak

Saka blir tatt til orientering.

Sak 33/24 Status på stillingutlysing

Viser til saksframlegg.

▲ Framlegg til vedtak

1. Ungdomsstyret skal dele stillinga på Instagram som innlegg.
2. Ungdomsstyret skal aktivt bidra til å spreie informasjon om stillinga i sine eigne nettverk.

Sak 34/24 Møteplan for 2025

Viser til saksframlegg.

▲ Framlegg til vedtak

Møteplan for 2025 blir godtatt:

Tidspunkt	Plass	Invitasjon går til
10. -11. januar kl.18:00-14:00	Fysisk møte i Stavanger (inkl. overnatting)	Medlem og vara
14. februar kl.16:00-18:00	Teams-møte	Medlem og vara
21. mars kl.16:00-19:00	Fysisk møte i Stavanger	Medlem og vara
<i>15. april</i>	<i>Ryrekrutt</i>	
10. juni kl. 16:00-18:00	Teams-møte	Medlem
21. oktober kl. 16:00-19:00	Teams-møte	Medlem
9. desember kl.16:00-18:00	Teams-møte	Medlem

Sak 35/24 Status karrieredagen og Job Fair

Viser til saksframlegg.

▲ Framlegg til vedtak

1. Ungdomsstyret kjem med innspel til korleis stand skal utformast. Fokus:
 - a. Informasjon om ungdomsstyret sitt arbeid (rollup, flyer)
 - b. sommarjobben.no – informere om Ryfylke + få studentar til å registrere seg
 - c. Få folk til å følge Instagramkonto: konkurranse og premie.
2. Job Fair har endra dato til 2.april kl. 11:00-14:00. Me må komme tilbake til kven som skal stille her.

Sak 36/24 Vidare arbeid med Instagramkonto

Viser til saksframlegg.

▲ Framlegg til vedtak

Alle i styret kan komme med innspel til aktivitet på kontoen – det må sendast til Tiril eller i messenger-chat.

Sak 37/24 Ungdomsstyret har fått e-post-adresse

Viser til saksframlegg.

▲ Framlegg til vedtak

Saka blir tatt til orientering.

Sak 38/24 Eventuelt

1. Ungdomsstyret vil ha meir informasjon frå Teal om blå/grønn leiskule (landbruk/havbruk). Handlar om å engasjere 8-9-10-klassingar i Rogaland. Dette er noko som kan spelast vidare til rådgivarsamlinga i 2025.
2. Ryfylkealliansen vil komme innom på neste styremøte for å snakke om felles innsatsområder på Ryrekrutt, Heilt Heim og Ryfylkepuls.

Ungdomsstyret i Ryfylke



Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.